

Informasjon om SFO:

Velkomen til Kleppe SFO, vi gler oss til å bli kjend 😊

Vi har nokre dokument som er viktige at du som føresettt les. Desse dokumenta kan du finne på heimesida til SFO. [Kleppe skule - Nyheiter \(minskole.no\)](https://www.minskole.no)

- Årsplan, Klepp kommunes vedtekter, kommunale retningslinjer for føresette med barn i SFO
- Kort informasjon om SFO på fleire språk kan du også finne her.

På Klepp kommune si heimeside kan du finne prisar og diverse informasjon om SFO. [SFO - SkuleFritidsOrdninga - Klepp kommune](#)

Viktig:

- Alle elevar som skal gå heim sjølv skal ha mest mogleg faste gå heim tider. Vi sender heim på heile og halve timar. Sjekk at ditt barns “gå heim sjølv” tider er riktige i Visma. (skriv **alltid** merknad i “Visma tilstedeværelse” dersom du gjer endringar på tidene)
- Elevar som ikkje skal gå heim/til droppsonen på fast tidspunkt, må fysisk hentast på skulen og skal ikkje ringast etter når mor/far sit i bilen på droppsonen eller på parkeringsplassen. Bruk parkeringsplassen til skulen eller Klepp Ungdomsskule, ikkje parker i byggefelta rundt eller ved vegen langs skulen sine områder.
- Vi har påmelding til alle feriar, og set opp arbeidsplan for dei tilsette ut frå påmeldingane. Dei som ikkje har meldt på innan fristen reknast som fri og kan ikkje kome på SFO dei dagane. (du vil få forms-skjema i Visma til å melde på barnet i forkant av feriane, vi er sjølv sagt behjelpelege dersom du treng hjelp. Ta gjerne kontakt med SFO-leiar for hjelp)
- Vi har påmelding til morgon-SFO (kostar ikkje ekstra frå hausten). Husk difor å gi beskjed i Visma eller til leiar i god tid dersom barnet skal bruke morgon-SFO. (pga. bemanning er det svært viktig at informasjonen vi får er så riktig som mogleg)
- Beskjedar skal leggest som merknad i “Visma tilstedeværelse” innan kl 10 om morgonen. Viktige beskjedar som **må** gis seinare må ringast inn til basen i SFO si opningstid. Vi ønskjer likevel minst mogleg telefonar og tekstmeldingar på basetelefonane, for at dei tilsette skal kunne bruke tida på barna i staden for telefonen.
- Det er lurt å sette seg inn i regler for oppseiing og endring av plass.
- Informasjon frå SFO kjem på Visma og heimesida til skulen/SFO.

- Beskjedar og påmeldingar kjem i Visma
- Månadsplanar og ferieplanar legg vi på heimesida til SFO

Oppstart hausten -24:

No gler vi oss til å treffe barnet ditt frå den dagen du har meldt barnet på SFO til hausten 😊

Første opningsdag for SFO hausten -24 er 02.august (Vi har planleggingsdag 01.08 og 14.08) Vi oppmodar alle nye 1.klassingar som startar i skuleferien til å kome kl. 10 den fyrste dagen.

(Dette for å sikre at primærkontakten har kome på jobb og kan ta i mot barnet første dagen)

Plan for ferie-SFO i august legg vi på heimesida til SFO på planleggingsdagen den 01.august.

Husk å gi beskjed så fort du veit dersom elevar som er påmeldt SFO skal ha fri.

Vi ynskjer alle ein fin sommar og gler oss til å sjå alle etter sommarferien!



Helsing oss ved Kleppe SFO